



CRUISE: I 2005 kom Queen Mary 2 til Eidfjord. Denne sesongen har 87 skip gjesta hamna. **ARKIV: DESTINASJON EIDFJORD**

- Det «poppar» opp bedrifter

Destinasjonsselskap ser tydelig ringverknadane av cruise i og rundt Eidfjord.

ELI LUND
eli@hardanger-folkeblad.no

- Me opplever at det «poppar» opp bedrifter, seier den daglege leiaren for Destinasjon Eidfjord, Marit Stadheim.

Ho trekkjer fram Hardanger Fjordsafari AS som eit godt

døme. I år har Stadheim og kollegaene på turistkontoret i bygda tatt hand om 86 skip og er snart i mål med eit nytt rekordår. Det siste skipet i år, det fjerde no i oktober, kjem 23. oktober.

- Ein fantastisk sesong. Frå 1. april til 30. september har me seld billetter for nær 6 millionar kroner frå turistkontoret på kaien. Ikkje berre til

cruisegjester, men mest. Stadheim forklarar at omtrent 5,5 millionar av desse dreier seg om lokale aktørar. Døme på sal er tur til Norsk Natursenter og Vøringsfossen, Flat Earth Adventures sine aktivitetar, sykkelutleige, kanoutleige og tur med tog på hjul rundt i bygda. I tillegg går det mange busslaster ut av bygda. Til dømes til Ulvik, Rosendal, Voss og Geilo.

■ Talde 123 687 på Fossli og 220 479 på Fossatromma i fire månadar

Tusen turistar om dagen



NYTT: Offisiell opning for fyrste byggjestege av turistvegsatsinga ved Vøringsfossen var 4. juli i år. Her ser ein nytt toalettanlegg og parkeringsplass. Teljarar registrerer besøkjande.

I sommar registrerte Vegvesenet besøkjande ved Vøringsfossen sine to stoppestader.

ELI LUND
eli@hardanger-folkeblad.no
97572494

Ein teljar er montert på Fossli, og ein ved hovudvegen på Fossatromma. Teljaren ved Fossli hotell var ikkje oppe før 24. mai. Tala er difor frå den datoen og fram til 26. september.

Ser feilkjelde

- Teljaren på Fossli er plassert der dei fleste går, men det er fleire andre moglege vegar ned til utkikkspunkta, seier Marit Stadheim i Destinasjon Eidfjord

Ho trur difor det er god grunn



DAGLEG LEIAR: Marit Stadheim i Destinasjon Eidfjord **ARKIVFOTO: ELI LUND**

til å tru at registreringane av personar ved Fossli er lågare enn det som er reelle besøkstal. På fire månadar vart det registrert eit dagleg snitt på 989 personar på Fossli, og totalt 123

687 personar frå slutten av mai til slutten av september.

Juli var den travlaste månaden, med i snitt 1447 personar om dagen. I september var snittet 911 registrerte per dag.

I løpet av den fire månadar lange registreringsperioden var tysdag den travlaste vekedagen på Fossli.

Marit Stadheim i Destinasjon Eidfjord har fått opplyst frå prosjektleiar i Statens vegvesen, Kjersti Wold, at det heilt sikkert er ein «lekkasje» på teljaren på Fossli, sidan det er fleire vegar ned til utsiktspunktet, og teljaren ikkje greier å fanga opp alle. Det har i sommar òg vore mogleg å køyra heilt fram til Fossli hotell med bil.

Vegvesenet vurderer å setja opp fleire teljarar på Fossli, formidlar Stadheim.

Ved Vøringsfossen sin stop-

pestad tett på riksveg 7, på Fossatromma, vart det registrert totalt 220 479 personar med eit snitt på 1764 per dag.

I juli var snittet 2622 registrerte kvar dag, og i september 911 per dag.

Søndag var den travlaste vekedagen på Fossatromma i den fire månadar lange registreringsperioden.

Ulike møte med fossen

For reisande som ikkje kjenner området, men kjem køyrande langs riksveg 7 og vil stoppa for å sjå Vøringsfossen, er truleg retninga ein kjem frå avgjerande for kvar ein ender opp med å sjå Vøringsfossen frå.

Stadheim seier trafikken som kjem vestfrå oppdagar Fossatromma fyrst, medan trafikken austfrå møter skilta som viser til Fossli.

Stadheim registrerte i sommar mange bilar som freistar å køyra ein gamleveg frå Fossatromma og mot Fossli. Problemet er at denne vegen er ein bomveg. Ein kjem ikkje fram til Fossli. - Me sjekka det og oppdaga at denne vegen var merka av på google sine kart. Men det har me fått sagt ifrå om, så dette skal vera retta opp, seier ho.

Toalett til 15. oktober

Turistvegseksjonen i Vegvesenet informerer om at toalettanlegget ved utsiktspunktet vil stenga 15. oktober. I utgangspunktet skal anlegget vera ope og tilgjengeleg i perioden 15. mai til 15. oktober. Dermed er all ferdsel før og etter på eigen risiko.

Det er ikkje lagt opp til brøyting til, eller ute på sjølve utsiktspattformene.